



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 27. januar 2020

Sak

2019/0291 Brattvåg Svømmeklubb – 975 707 962 – klage over avslag på søknad om å delta på bingospel

Til stades: leiar Elisabeth Wittemann, medlem Åse Gustavsen og medlem Ingjald Sørhøy

Bakgrunn for saka

Brattvåg Svømmeklubb (klagar) søkte 15. februar 2019 om løyve til å delta på bingospel hos entreprenør Kron & Mynt AS, avdeling Moa Amfi. Klubben sende søknaden via bingoentreprenøren.

Lotteritilsynet avslo søknaden 21. februar 2019. Grunngevinga var at klubben ikkje var godkjend som lotteriverdig organisasjon på søknadstidspunktet.

Klagar klaga på vedtaket i e-post 10. mars 2019. Klagar skriv at klubben blei kontakta med spørsmål om dei ønskte høve til å få bingooverskot, men at klagar då måtte søkje om å bli lotteriverdig. Klagar viser til at klagar har nytta feil skjema, og ber om å få sende inn rett skjema.

Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket sitt og sende 15. april 2019 klaga med innstilling til Lotterinemnda for handsaming.

Det rettslege grunnlaget

Etter forskrift 30. november 2004 nr. 1528 om bingo (bingoforskrifta) § 2 kan bingo haldast med løyve frå Lotteritilsynet. Etter lotterilova § 4, jf. § 6 og § 5, kan tilsynet i utgangspunktet berre gi løyve til foreiningar som i si verksemd fremjar eit humanitært eller samfunnsnyttig føremål, i det følgjande omtalt som «lotteriverdig organisasjon».

Av forvaltningslova § 34 følgjer det at klageinstansen kan prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, sakshandsaminga, faktum og det frie skjønnet. Klageinstansen kan sjølv gjere nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny handsaming.

Lotterinemnda si vurdering

Brattvåg Svømmeklubb si klage gjeld Lotteritilsynet sitt avslag av 21. februar 2019 på søknad om å delta på entreprenørbingo.

Postadresse

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

For å halde bingo med entreprenør må ein etter lotterilova og bingoforskrifta ha løyve frå Lotteritilsynet. Etter gjeldande regelverk kan tilsynet berre gi løyve til foreiningar som er godkjende som lotteriverdige etter lotterilova § 4, jf. §§ 5–6.

Klagar søkte om å delta på entreprenørbingo 16. februar 2019. Først 20. mars 2019 søkte klagar om godkjenning som lotteriverdig organisasjon, og godkjenning blei gitt i Lotteritilsynet sitt vedtak av 29. mars 2019. Det følgjer av Lotteritilsynet si innstilling på side 2 at løyve til deltaking på entreprenørbingo for dei andre organisasjonane som søknaden omfatta, blei gitt 21. februar 2019. Klagar var dermed ikkje godkjend som lotteriverdig organisasjon verken på søknadstidspunktet eller på vedtakstidspunktet.

Lotteritilsynet skriv at dei av omsyn til lik handsaming for samtidige søkjarar ikkje gjer om løyve når det ikkje ligg føre godkjenning eller søknad om godkjenning som lotteriverdig organisasjon på vedtakstidspunktet, men at unntak kan gjerast dersom organisasjonen ikkje kan lastast for forholdet.

Klagar har angitt at dei sende søknad om godkjenning som lotteriverdig organisasjon på feil skjema. Lotteritilsynet har ikkje registrert nokon søknad av noko slag frå klagar. Lotterinemnda kan ikkje sjå anna enn at manglande søknad i dette tilfellet skuldast forhold på klagar si side. Nemnda viser til opplysningar i klaga om at bingoentreprenøren har opplyst om at klagar måtte søkje om godkjenning for å få høve til å få midlar frå bingospel. Det er klagar sitt ansvar å setje seg inn i korleis søknaden skal sendast inn, og eventuelt be om rettleiing om dette.

Lotteritilsynet sitt avslag på søknad om bingoløyve er etter dette i samsvar med regelverket og tidlegare praksis, og klaga blir ikkje teken til følgje.

Konklusjon

Lotterinemnda har, etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka, stadfesta Lotteritilsynet sitt vedtak.

Vedtak

Klaga blir ikkje teken til følgje.

Dokumentet er godkjent elektronisk